



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/23 - 15/3537

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

23.02.2015

## Referat arbeidsgruppe - møte 1

Møte 1 - Skisseprosjekt Sagstad og Grasdal	
<b>Dato</b>	12.02.15
<b>Deltakarar</b>	<b>Fortunen AS:</b> Nils Johan Mannsåker, Gro Haveland og Heidi Haugen <b>MK - Plan, utbygging og kommunalteknikk:</b> Berit Eskeland og Harry Finseth <b>MK - Eigedom, anlegg og beredskap:</b> Øivind Buen <b>MK - Sagstad skule:</b> Magne Lædre og Åshild Annie Engen <b>MK - Grasdal skule:</b> Irene Hystad Hugaas og Stian Litleskare Haukeland
<b>Kontrakt</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det er ei endring i samansetninga av arkitektgruppa til Fortunen for prosjektet. Er akseptert av kommunen. Ny CV blir sendt over til kommunen.</li><li>• Vert gjort ein mindre endring i nemning av pris i kontrakta. Revidert kontraktutkast vert sendt ut.</li><li>• Kommunen presiserer at det er tilbudspris som må gjelde, men at dersom Fortunen meiner at noko ligg utanfor opphavleg bestilling må dette varslast og budsjett for tilleggsarbeid må utarbeidast basert på timepris</li></ul>
<b>Sagstad skule</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Synfaring av uteområde, gamal symjehall og delar av skulebygget innvendig</li><li>• Dersom det er ønske om ytterlegare synfaringar kan rektor kontaktast for nærare avtale</li><li>• Sagstad skule ønskjer at lokalisering av dagens personalavdeling vert vurdert nærare. Er ei utfordring at tre lærarar er allergiske og ikkje kan nytte delar av bygget. Foreløpig uklart korleis dette kan/bør løysast.</li><li>• Det er ønskje om eit allrom der større grupper kan samlast. Arkitekt foreslår at ei mogleg løysing kan vere skiljeveggjar som kan opnast. Vil sjå nærare på dette med eksemplar i neste møte.</li><li>• Skulen ønskjer klasserom som kan delast i to med skiljevegg slik at ein kan tilpasse romma til bokmål/nynorsk deling</li></ul>
<b>Grasdal</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Synfaring av uteområde og det meste av skulebygget innvendig</li></ul>

<b>skule</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dersom det er ønske om ytterlegare synfaringar kan rektor kontaktast for nærare avtale</li> <li>• Grasdal skule ønskjer i utgangspunktet utbygging på eit anna område enn det som er skissert i anbodsgrunnlaget</li> <li>• Eit forslag er nytt tilbygg som kan inkorporere paviljongen</li> <li>• Arkitekt vil sjå nærare på moglege løysingar</li> <li>• Skulen ønskjer klasserom som kan delast i to med skiljevegg slik at ein kan tilpasse romma til bokmål/nynorsk deling</li> </ul>
<b>Romprogram</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulane v/ rektor vil få oversendt grunnlaget for arealberekninga i skulestrukturplanen</li> <li>• Innspel til denne må sendast til prosjektleiar hos kommunen.</li> </ul>
<b>Teikningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen vil sende over teikningar til arkitekt av det eksisterande bygget i løpet av veka</li> </ul>
<b>Kontaktliste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen vil få utarbeidd kontaktliste for arbeidsgruppa</li> </ul>
<b>Møteplan</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Neste møte vil bli i veke 10</li> <li>• Det vil bli utarbeidd ein møteplan</li> </ul>
<b>Referent</b>	Berit Eskeland

Med helsing

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Arbeidsgruppa